



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato
06.12.2018
Dykkar dato
29.10.2018

Vår referanse
2018/13535 423.1
Dykkar referanse
18/391

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Radøy kommune - mellombels byggje- og deleforbod – kulturminner

Vi viser til oversending frå Radøy kommune, motteken her 29.10.2018.

Vedtak

Fylkesmannen i Hordaland stadfestar Radøy kommunestyre sitt vedtak om mellombels byggje- og deleforbod av 21.06.2018.

Kva saka gjeld

Vi legg til grunn at partane er kjende med saka og gjer berre eit kort samandrag her.

Radøy kommune sendte førehandsvarsel om mellombels byggje- og deleforbod for sikring av vern av kulturminne den 22.03.2018.

Det vart fatta vedtak av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 13.06.2018, sak 035/2018, i samsvar med rådmannen si innstilling om mellombels forbod mot tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) § 1-6 på eigedomar som har kulturminne med verneklasse A, jf. pbl. § 13-2. Kommunestyret fatta tilsvarande vedtak i sak 021/2018, den 21.06.2018.

Vedtaket vart klaga på av Kenneth Marøy, Snorre Bjarte Marøy, Jonny Marøy, Dag Adrian Bjaarstad og Kåre Bjarne Marøy i klage datert 19.07.2018. Det er i klagen vist til at vedtaket gjeld store deler av utmarksarealet på eigedomane til klagarane, og at det på enkelte eigedomar ikkje er kulturminne i det heile. Det er vidare vist til at området burde ha vore avgrensa, samstundes som at vedtaket er eit for stort inngrep knytt til mogelegheita for å forvalte eigedomane i framtida.

Klagen vart handsama av kommunestyret i sak 033/2018 den 18.10.2018. Klagen vart ikkje teken til følgje, og saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen si vurdering

Ved vurdering av klagesaker gjeld forvaltningslova (fvl.). Fylkesmannen har mynde til å vurdere klaga, og kan stadfeste kommunen si avgjerd, endre ho eller oppheve avgjerda og sende saka attende til kommunen for ny handsaming, jf. forvaltningslova § 34. Fylkesmannen kan ta omsyn til nye omstende, og gå utanfor klagegrunnane. Ved prøving av det frie skjøn, skal Fylkesmannen leggje stor vekt på det kommunale sjølvstyret, jf. § 34 andre ledd tredje setning.

Fylkesmannen legg til grunn at klagarane har rettsleg klageinteresse i saka, jf. fvl. § 28 og at klagen har kome fram til rett tid, jf. fvl. § 29. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst til å fatte avgjerd, jf. fvl. § 17

Det er kommunen som er planmynde, og skal vedta planar for å ivareta ulike omsyn, sjå plan- og bygningslova (pbl.) § 11-1. Rettsverknadane følgjer av pbl. § 11-6.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) § 13-1 at dersom kommunen finn at eit område bør under ny planlegging, kan kommunen avgjere at oppretting og endring av eigedom eller tiltak etter pbl. § 1-6 og anna tiltak som kan gjere arbeidet vanskeleg, ikkje kan setjast i gong før planspørsmålet er endeleg avgjort.

Spørsmål knytt til plan fell innanfor det kommunale sjølvstyret. Fylkesmannen bør såleis vere varsam med å overprøve kommunen si vurdering knytt til eit forbod etter pbl. § 13-1, då dette må sjåast i samband med planarbeidet.

Formålet med føresegna er å ivareta ulike omsyn og interesser innanfor eit område. Kommunen skal kunne forhindre nye tiltak som kan føre til skade på dei interessene som gjer seg gjeldande til framtidig bruk av området er avklart, sjå Ot.prp.nr.32 (2007-2008) s. 133.

Det mellombelse forbodet som Radøy kommune har vedteke må sjåast i samband med risikoen for irreversibel skade på kulturminne i klasse A, som det skal takast omsyn til i kommunal planlegging, sjå mellom anna pbl. § 11-8 og Ot.prp.nr.32 (2007-2008) s. 126 og 217-218.

Det er i klagen vist til at det er for store areal som er bandlagt, samstundes som forbodet innskrenkar rådigheita over eigedomane.

Når det gjeld storleiken på arealet, så er det vanskeleg å seie i kva omfang det er nødvendig med omsynssone og grensar. Ut frå eit føre-var prinsipp, er det hensiktsmessig at ein i samband med arbeidet eventuelt går nærare inn på dei enkelte områda og revurderer omsynssona. Vi viser her til at kommunen har opplyst at dei arbeidar med delrevisjon av kulturminneplan, der omsynssonene vil verte nærare avklart.

Kulturminnemynda viser til at det frå deira side er viktig å påpeike at eit bygge- og deleforbod ikkje er til hinder for at areala vert brukt til beite, som i seg sjølv er sentralt for å ivareta kulturminna. Når det gjeld omsynssona elles, så er det vanskeleg å dele desse opp til fleire mindre, då dette ikkje vil sikre det einskilte kulturminne på god nok måte. Det er og viktig å sikre tilstrekkeleg areal, for å vareta heilheita.

Fylkesmannen er samd med kommunen si vurdering knytt til dette. I samband med revideringa av planen kan vidare den enkelte grunneigar kome med innspel, mellom anna knytt til omsynssonar. Det er dermed ikkje nødvendigvis slik at dei areala som er ein del av området der det er lagt ned forbod, faktisk vert råka av dette seinare.

Det er vidare sentralt at forbodet, som no er vedteken av kommunen, vil falle bort om ikkje planspørsmålet er avgjort innan fire år jf. pbl. § 13-2. Det er såleis tale om avgrensa varigheit, før planspørsmålet vert avgjort.

I særlege tilfelle kan kommunen forlenge fristen, jf. § 13-3, dersom planspørsmålet ikkje er avgjort innan den fristen som følgjer av § 13-2. Dette vil i tilfelle vere eit nytt enkeltvedtak som det kan klagast på.

Fylkesmannen viser til ovannemnde, og har kome fram til at det ikkje ligg føre feil rettsbruk ved Radøy kommune sitt vedtak om mellombels forbod mot tiltak etter pbl. § 1-6 jf. § 13-1 i samband med revidering av kulturminneplan.

Radøy kommune sitt vedtak vert difor stadfesta. Klagane vert ikkje tekne til følgje.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Trond Håkon Stadheim
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Kenneth Marøy	Marøyvegen 341	5937	Bøvågen
Snorre Bjarte Marøy	Marøyvegen 355	5937	Bøvågen
Jonny Marøy	Marøyvegen 307	5937	Bøvågen
Dag Adrian Bjaarstad	C. J. Hambros Vei 50	5148	Fyllingsdalen
Kåre Bjarne Marøy	Marøyvegen 322	5937	Bøvågen